

Reisa mot Forskingsbasert læring: Implementeringa av Empiriske Bacheloroppgåver ved Campus Førde

Av Hilde Søreide og Aud Berit Fossøy



© Hilde Søreide og Aud Berit Fossøy

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for helse- og omsorgsvitenskap

Høgskulen på Vestlandet

[2023]

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 2023-10

ISSN 2535-8103

ISBN 978-82-8461-055-9



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

Vårt prosjekt vart sett i verk etter bestilling frå praksisfeltet, både frå spesialist- og kommunehelsetenesta. Prosjektet var å få studentar til å skrive empiriske bacheloroppgåver med tema bestilt frå praksis. Praksisfeltet la fram tema som var nyttig for dei å få undersøkt.

Før ulike tema vart presentert for det første «kullet» som fekk tilbod om å skrive empiriske oppgåver, vart det arrangert møter mellom HVL, kommunehelsetenesta (Sunnfjord kommune) og spesialisthelsetenesta (Helse Førde). Her vart det diskutert fram ulike tema som var aktuelle for studentane å utforske, korleis få studentar til å velje denne sjangeren, og korleis praktisk gjennomføre rettleiinga av studentar.

EMNEORD: Sjukepleiestudie, Empiriske bacheloroppgåver, Praksis

Forord

Ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, har ein utdanninga bachelorgrad i sjukepleie. Dette studiet har vore i Førde sidan 1979 som Sogn og Fjordane sjukepleiarhøgskule (HVL, 2022). Hausten 1994 vart sjukepleieskulen i Førde ein del av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF). Høgskular og universitet vart lagt under same lovverk med eit krav om å ha aktiv forskning og forskingsbasert undervisning (Birkeland et al., 2016). I 2017 vart HISF ein del av Høgskulen på Vestlandet (HVL, 2022).

Heilt sidan sjukepleieutdanninga starta i Førde har det vore ein tradisjon å skrive ei litt «større» oppgåve det siste studieåret. Det har variert om dette er den siste oppgåva studentane leverer før dei kan søke om autorisasjon, eller om det er ei oppgåve som blir skriva før den siste praksisperioden i studiet. Dei siste 20 åra har denne oppgåva vore plassert heilt i slutten av utdanninga, og blitt gradert opp til ei oppgåve med den internasjonale graden bachelor. Ved å ha bacheloroppgåva i slutten av utdanningsløpet blir studentane introdusert til ei meir forskingsmessig tilnærming til yrket, og dei vil kunne utvikle eit meir kritisk perspektiv (Birkeland et al., 2016).

Bacheloroppgåva har som tradisjon å vere ei litterær oppgåve som skal ha eit sjukepleiefagleg fokus. Det har tidlegare vore utprøvd prosjekt der studentar skriv empiriske bacheloroppgåver (Øygard & Heggdal, 2022).

Samordningsgruppa ved Senter for Helseforskning i Sogn og Fjordane (Helseforskning, 2018) har hatt temaet oppe på samarbeidsmøte. Der har det kome fram at det framleis er litt tilfeldig om ein klarar å kople studentoppgåver til konkrete prosjekt i praksis/på sjukehuset. Dette bør det lagast eit betre system rundt, slik at ein ikkje er avhengig av enkeltpersonar .

Takkseiing til Ole Tormod Kleiven for rettleiing under arbeidet og fagfellevurdering av ferdig stilt rapport.

Innhald

Innhald	1
Empiriske Bacheloroppgåver, ei reise gjennom læring og utvikling	2
Utforsking av Studentar si Læring og Utvikling.....	2
Styrking av Profesjonen	3
Prosjektet si Gjennomføring og Erfaringar	4
Vegen Vidare og Framtidige Initiativ.....	5
Avslutning	7
Litteratur.....	8

Empiriske Bacheloroppgåver, ei reise gjennom læring og utvikling

Å utfordre den etablerte norma med litteraturstudiar og introdusere empiriske oppgåver i sjukepleiarutdanninga ved Campus Førde var ikkje utan motstand. Dette er erfaringar andre har dokumentert ved liknande prosjekt, der ein utfordrar etablert praksis (Forsman et al., 2010; Lepori & Kyvik, 2010).

Ressursutfordringar og bekymringar rundt tidsbruk var betydelege hinder, men gjennom prosjektet vart det demonstrert at det var mogleg å tilrettelegge for empiriske bacheloroppgåver med relativt avgrensa ressursar.

Ein nasjonal undersøking utført av NOKUT viste variert implementering av FoU-basert undervisning i ulike profesjonsutdanningar. Altså er ikkje utfordringa berre lokal, men òg nasjonal (Birkeland et al., 2016; Kyvik et al., 2014; Lid, 2012). Det kom fram gjennom dialog med studentane at andre tilsette ved høgskulen råda dei frå å engasjere seg i det empiriske prosjektet. Studentane vart advart i forhold til at det ikkje var tid og nok ressursar til å gjennomføre eit slikt prosjekt på den tida studentane hadde fått avsett til emnet i årsplanen. Det kom klart fram at institusjonen sine tradisjonar påverka studentane si vilje til å delta.

Utforsking av Studentar si Læring og Utvikling

Til trass for motstanden og bekymringane før gjennomføringa, resulterte studentane sin innsats i gode karakterar. Dette indikerte ikkje berre at empiriske oppgåver var utfordrande, men òg at dei var ein lærerik oppleving for studentane. Oppgåvene vart ikkje berre sett på som ei akademisk forplikting, men som ei kjelde til personleg og fagleg vekst. Studentane formidla til rettleiarar ei stor meistring og glede gjennom dei ulike delane av eit empirisk prosjekt. Spesielt kom dette fram ved innhenting av data og å få undersøkinga si godkjent i NSD. Det å transkribere intervjuar dei hadde gjennomført var krevjande, men studentane var utruleg raske med transkriberinga. Dette har nok med at dei unge

i dag er flinke til å handtere digitale hjelpemiddel. Analysejobben syns dei var spennande, og dei delte sine tankar og funn med rettleiarane. Sjølv om studentane hadde fått tilrettelagt slik at dei hadde praksis på dei avdelingane dei samla inn data på, er det imponerende at dei klarte å kombinere prosjektet med praksis.

Den nasjonale undersøkinga viste òg store skilnader i implementeringa av FoU-basert undervisning, og institusjonar som hadde lukkast, hadde utvikla læringsformer som inkluderte undervisning i forskingsmetodar, datainnsamling og kritisk tenking (Birkeland et al., 2016; Kyvik et al., 2014; Lid, 2012).

Tradisjonen er litteraturstudiar, og utifrå Birkeland et al. (2016) er det ein tendens som viser at det er lettare å vurdere oppgåver som har ein akademisk retning med ein høgare karakter enn dei oppgåvene som er retta inn mot praksisfeltet.

Styrking av Profesjonen

Gjennom prosjektet vart det tydeleg at empiriske oppgåver ikkje berre representerte ei utfordring for studentane, men òg ei moglegheit for personleg og fagleg vekst. Empiriske oppgåver kan vere ein utfordring å få til med studentoppgåver, men det kan og vere positivt for studentane si utvikling (Forsman et al., 2010; Lepori & Kyvik, 2010; Michaelsen et al., 2014). Birkeland et al. (2016) trekk fram at praksisprosjekt kan medføre ei styrking av profesjonsfokuset i utdanninga, og studentane får profesjonserfaring som kan komme til uttrykk og vurderast innanfor ein praksisorientert kultur (Birkeland et al., 2016; Lepori & Kyvik, 2010). Det å skrive ei empirisk oppgåve kan føre til at studentane synest det å bruke mykje tid og arbeid er matnyttig, noko som kjem til nytte, meir enn ei litterær oppgåve. Ved å ha ein sterkare akademisk kunnskapsbase vil ein styrke den faglege autonomien til ein profesjon og autorisasjonen til spesielle arbeidsoppgåver. Difor er det viktig at studentane får øve seg på å vere kritisk forskande i eigen praksis gjennom arbeidet med bacheloroppgåva si, og dette vil kunne styrke statusen til profesjonen på sikt (Abbott, 2014; Birkeland et al., 2016; Kyvik et al., 2014; Lepori & Kyvik, 2010).

Det vil og gje ny kunnskap til praksis som kjem med ei bestilling om eit tema dei ønsker å få undersøkt frå praksisfeltet. Det kan vere tema ein har utfordringar med i praksis, men ikkje ressursar til å undersøke for å finne ei mogeleg forbetring. Dette vil knyte band mellom studentar og praksis, der dei jobbar tett for å komme fram til eit mogeleg svar (Michaelsen et al., 2014). Eit større fokus på forskingsbasert kunnskap vil og føre til at nye forskingsprosjektet set fokus på forholdet mellom forskingsbasert og erfaringsbasert kunnskap i profesjonsutdanninga (Birkeland et al., 2016; Kyvik et al., 2014).

Praksisprosjektet styrka profesjonsfokuset i utdanninga og gav studentane verdifull profesjonserfaring som kunne integrerast i ein praksisorientert kultur. Skrivninga av empiriske oppgåver gav studentane ei forståing av at deira innsats var meningsfull og nyttig, spesielt samanlikna med tradisjonelle litterære oppgåver. Praksisfeltet fekk oppgåvene når dei var ferdige, og tilbakemelding frå praksis har vore positive. Praksisfeltet som hadde prosjekta på sine avdelinga etterspør fleire studentprosjekt. Ryktet har spreidd seg, så fleire ønsker seg den same ordninga. Sidan studentane utforska tema som avdelingane ønska fokus på, fekk dei nytte av oppgåvene. Praksisfeltet sjølve har ikkje ressursar til å gjennomføre slike undersøkingar, difor er dette ein fin måte å kople praksis og studentar saman, der dei gir og tar. I ein vanleg sjukepleiestudent praksis, er studentane meir ei «belastning» sidan dei skal opplærast. I dette prosjektet kjem studentane inn som ein ressurs, noko som gjer praksisplass og student meir likeverdige. Studentane formidla at det var eit veldig godt samarbeid med praksisplassen.

Prosjektet si Gjennomføring og Erfaringar

Før oppstart av prosjektet vart det gjort endringar i oppgåvemalen for bacheloroppgåva, for å sikre at studentane forstod og kjende seg trygge i oppgåva, men og at malen skulle passe til ei empirisk oppgåve. Godkjenning frå leiinga vart sikra gjennom ein grundig presentasjon, noko som understrekar at endringar i eksisterande strukturar krev forankring på høgare nivå (Michaelsen et al., 2014).

Tett oppfølging av studentane gjennom heile prosessen viste seg å vere avgjerande for suksessen. Studentane hadde fleire møte med rettleiarane i datasamlings- og transkriberingsperioden, noko som skapte tryggleik for både studentane og rettleiarane. Planlegginga vart gjort i god tid før bacheloroppgåvene starta, noko som førte til at studentane var ferdige med alle nødvendige datainnsamlingar før skriveperioden byrja. Dette understrekar viktigeita av ein godt strukturert tidsplan og grundig oppfølging for å sikre at studentane er førebudde og i stand til å møte krava til empiriske oppgåver. Då vart det trygt og forutsigbart for studentane. Studentane visste kva dei skulle og dei hadde treffpunkt med rettleiar som gjorde til at dei sette fort i gang med arbeidet og hadde ulike tidsfristar for å levere til rettleiar.

Vegen Vidare og Framtidige Initiativ

Til trass for uro og usikkerheit før gjennomføringa, resulterte innsatsen til studentane til gode karakterar. Dette indikerer at empiriske oppgåver ikkje berre er utfordrande, men òg ei lærerik oppleving og meistring for studentane. Dei hadde ein eigen ansvarsfølelse for å levere kvalitetsarbeid og utvikle forskingskompetanse, noko som stadfester den positive effekten av prosjektet. Mange av studentane inkluderte familie med høgare utdanning inn i prosjekta sine, som dei nytta til gjennomlesing, språkvask, osv. Det kom tidleg fram at det var viktig for studentane å gjennomføre på ein god måte, og levere ei oppgåve av god kvalitet.

Framtidige initiativ kan dra nytte av erfaringane og innsiktene frå dette prosjektet for å forbetre implementeringa av empiriske oppgåver ved profesjonsutdanningar og liknande institusjonar. Å inkludere empiriske oppgåver som ein integrert del av bacheloroppgåvene kan styrke studentane si akademiske og praktiske kompetanse, og bidra til å forme komande generasjonar av profesjonelle utøvarar. Dette vil styrke sjukepleieprofesjonens status, ved å føre til meir forskningsbasert sjukepleie.

Etter prosjektslutt kan ein trygt seie at dette er ein metode som er godt eigna for bachelorstudentar. Studentane tok oppgåva svært alvorleg, hadde eit kritisk blikk, og dei viste ei imponerende vilje til å kome tilbake til praksisplassen med eit svar på problemstillinga. Samstundes var det ein litt skummel prosess for både studentane og rettleiarane, då det var usikkerheit om utfallet. Det var lenge sidan ein hadde gjennomført eit liknande prosjekt ved utdanninga, så det var veldig spennande å sjå kvar dette bar. Det var nok mest rettleiarane som sat med ein liten klump i magen om studentane ville meistre dette, og om det ville falle i smak hos sensorane. Studentane var bekymra for kvaliteten på oppgåvene, medan emneansvarleg og prosjektleiar var spent på om studentane ville lukkast med å oppnå gode resultat og oppleve meistring. Studentane og rettleiarane var svært spente på sensuren, som viste seg å vere overraskende god, med gode karakterar heilt i toppen av karakterskalaen. Den ekstra innsatsen frå både studentane og rettleiarane før starten av bacheloroppgåvene var ei investering i tid og energi, men resultatane viste at det var verd det. Ved god planlegging er ikkje dette nokon utfordring, verken for studentane eller rettleiarane, og studentane er godt nok rusta gjennom bachelorstudiet til å meistre ei empirisk bacheloroppgåve. Dette viser at det er god læring i empiriske oppgåver; det vekte ein eigen ansvarfølelse for å arbeide grundig med oppgåvene. Ved å informere studentane om prosessen med å søkje til NSD, lærte dei å handtere innsamlinga av data seriøst (Mattila et al., 2005; Michaelsen et al., 2014). Studentane var veldig flinke til å lage nødvendige skjema (teiepliktskjema, deltakarskjema) til praksisplass, og skrive prosjektplanen som måtte vere med i NSD-søknaden (McCleary & Brown, 2003). Studentane var veldig spente på svar, og etterspurde om svar frå NSD hyppig i ventetida (emneansvarleg sende søknad til NSD). Når godkjenninga kom var det stor jubel og dei sette i gang med innsamling av data.

Det var og spennande å sjå korleis praksisfeltet ville ta imot studentane som skulle sjå på ulike tema på deira arena. Dette vart ei veldig positiv oppleving der alle studentane vart vel tatt imot og det var ei stor vilje til å delta og bidra inn i prosjekta til studentane.

Avslutning

Empiriske bacheloroppgåver har utan tvil blitt ein vellykka tilnærming til læring ved Campus Førde. Denne reisa gjennom forskingsbasert læring har ikkje berre gitt studentane utfordringar, men òg verdifull erfaring og moglegheit til å utvikle seg både fagleg og personleg. Som vi reflekterer over prosjektet sine utfordringar og triumfar, vert det tydeleg at implementeringa av empiriske oppgåver ved sjukepleiarutdanninga har opna dører for ei ny æra av pedagogisk innovasjon ved Campus Førde. Det er eit ledd i ein større innsats for å forme profesjonelle utøvarar som ikkje berre meistrar det praktiske aspektet av sjukepleie, men òg forstår viktigheita av forskning i å forbetre praksis og heve profesjonen sine standardar.

Gjennom denne reisa har vi erkjent at å bryte med tradisjonar og introdusere endringar ikkje alltid er ei enkel oppgåve. Motstand og usikkerheit vil alltid vere til stades (Forsman et al., 2010; Lepori & Kyvik, 2010). Likevel er det gjennom slike utfordringar at vi veks og skapar moglegheiter for forbetring. Vi håpar at vår erfaring kan vere ein inspirasjon for andre utdanningsinstitusjonar og profesjonsutdanningar som søker å transformere si tilnærming til læring og førebu studentane på ei stadig meir kompleks og dynamisk arbeidsverd. Ved å integrere empiriske oppgåver som ein integrert del av bachelorstudiet, kan vi forme ei ny generasjon av sjukepleiarar som ikkje berre utmerkjer seg i praksis, men òg forstår viktigheita av forskning og evidensbasert praksis for å levere optimal omsorg og styrke profesjonen si rolle i samfunnet. Reisa held fram, men resultata så langt gir oss tru på at vegen mot forskingsbasert læring er vel verd å utforske og oppretthalde.

Litteratur

Abbott, A. (2014). *The system of professions: An essay on the division of expert labor*. University of Chicago press.

Birkeland, N. R., Aasebø, T. S., Nome, D. & Wergeland-Yates, M. (2016). Bacheloroppgaven som møteplass mellom praktisk og teoretisk profesjonsforståelse i barnehagelærerstudiet. *Uniped (Lillehammer)*, 39(3), 211-227. <https://doi.org/10.18261/issn.1893-8981-2016-03-03>

Forsman, H., Rudman, A., Gustavsson, P., Ehrenberg, A. & Wallin, L. (2010). Use of research by nurses during their first two years after graduating. *Journal of Advanced Nursing*, 66(4), 878-890.

Helseforskning, S. o. F. (2018). <https://helseforskning.no/>

HVL. (2022). *Historia til HVL. Høgskulen på Vestlandet*. <https://www.hvl.no/om/historie/>

Kyvik, S., Vågan, A., Prøitz, T. S., Smeby, J.-C. & Aamodt, P. O. (2014). *Forskningsbasert utdanning? : forholdet mellom forskning, utdanning og yrkesutøvelse i de korte profesjonsutdanningene*. Abstrakt.

Lepori, B. & Kyvik, S. (2010). The research mission of universities of applied sciences and the future configuration of higher education systems in Europe. *Higher Education Policy*, 23, 295-316.

Lid, S. E. (2012). *FoU-basert profesjonsutdanning—erfaringer fra evaluering av allmennlærer-, ingeniør-og førskolelærerutdanningen*. NOKUT. Rapport 2012, 1.

Mattila, L.-R., Koivisto, V. & Häggman-Laitila, A. (2005). Evaluation of learning outcomes in a research process and the utilization of research knowledge from the viewpoint of nursing students. *Nurse Education Today*, 25(6), 487-495.

McCleary, L. & Brown, G. T. (2003). Association between nurses' education about research and their research use. *Nurse Education Today*, 23(8), 556-565.

Michaelsen, R., Skrondal, T. & Thylén, I. (2014). Implementering av forskningsbasert bachelorexamen i sykepleie–prosess og erfaring. Nordisk tidsskrift for helseforskning, 10(2), 160-171.

Øygaard, S. H. & Heggdal, H. M. (2022). Rapport om pilotprosjektet- Bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt. HVL-Rapport.